

## Læring i Næring 2020/2021

Læring i Næring er eit tiltak som skal være med på å gi ungdom kjennskap til lokalt næringsliv og ulike yrkesretningar. Dette er eit tilbod til motiverte og interesserte ungdommar som går i **9.trinn**. Ungdommane vil få moglegheit til å bli kjend med bedrifter i Suldal, og gjerne danne grunnlaget for utdanningsval. **Praksis vert lagt til fritid, feriar og eventuelt etter skuletid.**

### Forslag til organisering av Læring i Næring

#### 1. Digital informasjonsdag om bedriftene:

Førehandsinfo av digitalt materiell til 9 trinn måndag **14 september**

Informasjonsdag; **Sand onsdag 16 september, Nesflaten 22. september**

Suldal Vekst as vil informera kort om LiN 2020 og presenterer bedriftene i videosnutt og kva type praksisplass dei kan tilby i annonse. Annonsa er grunnlaget for søknadsskriving.

Suldal Vekst bidrar inn i skulen til søknadsskriving etter informasjonsdagen.

#### 2. Bedriftsbesøk: **Veke 39 og 40**

Interesserte ungdommar får tilbod om å komma på bedrifta for omvisning og nærare orientering. Dette skjer etter skuletid.

Nokre bedrifter kan velje andre dagar. Nærare informasjon kjem til kvar enkel elev i dei tilfella.

#### 3. Søknad: **Seinast torsdag 24. sept. veke 39 -elektronisk til bedrifta**

Ungdommane søker på dei praksisplassane som kan vera interessante.

#### 4. Intervju: **i løpet av veke 40: 28sept - 2 okt.**

Bedrifter tar inn søkarar til samtale innan haustferien tek til.

#### 5. Tilsetting: **Før veke 41 (haustferie) som startar frå 03. oktober.**

Ut i frå søkjarane og interesse kan bedrifta tilsette ein ungdom i Læring i Næring. Desse elevane vil få ein individuell arbeidsavtale med bedrifta si. Ingen avtale i Læring i Næring er like. Ungdommane vil få ei prøvetid(ein arbeidsdag). Dersom interessa og motivasjonen for faget og bedrifta forsvinn etter ei stund, kan bedrifta sei opp avtalen med ungdommen som er tilsett. Grunnen er som nemnd at dette primært ikkje er nokon ordinært arbeidsforhold, men ein lære- og praksisplass. Læring i Næring er ein del av yrkesorienteringa til ungdommane som vil lage eit større grunnlag for val dei tek seinare. Spesielt når ein skal søkja på vidaregåande skular eller søker på arbeidspraksis.

**Eleven må sjølv registra frikort på**

<https://www.skatteetaten.no/person/skatt/skattekort/frikort/bestille-frikort/>

#### 6. Praksis: **Tid og omfang vil variera frå bedrift til bedrift.**

Bedriftene har eit ansvar å følgja opp elevane og gje de den praksisen dei har søkt etter. Ungdommane som vert tilsett i Læring i Næring skal lønast etter fastsette tariffar. Arbeidsavtalen skal gjelde 37,5 timar for kr 80,- pr. time, og utførast innan utgangen av mai 2021.

#### 7. Evaluering: **Bedrifter og Ungdommar blir evaluert.**

Ungdommane skal levera inn evalueringsskjema til Læring i Næring. Bedriftene vil bli kalla inn til felles evaluering saman med oss. Bedriftene skriv ut attestar til alle elevane som har fullført arbeidskontrakt på 37,5 time. Attest har ein stor verdi for elevane som viser arbeidspraksis ved framtidig vidare arbeidssøk.

### Læring i Næring er ei investering i framtida både for ungdommane og det lokale næringsliv.

Læring i Næring skal gi ungdommar moglegheit til å få yrkeserfaring og kjennskap til næringslivet i Suldal. Programmet er ein god moglegheit til å bli rusta til framtidige yrkesval.

Marit Larsen  
Suldal Vekst AS,  
Tlf: 90684861

E- post: [marit@suldalvekst.no](mailto:marit@suldalvekst.no)

